

## LIN | Magi og overtru

*Det matte ljuset frå fullmånen legg seg som ei glorie kring det lange håret. Kjærteiknar den kvite linkjolen. Dei berre jenteføtene numne av nattekulda. Ei skjelvande sølvskje blenkjer i ungjentehand, strør dei magiske frøa ut i forsommarnatta. Snart skal åkeren bølge blått av blomstrande lin - som skal bli like blankt og pent som sølvet i skeia.*

**Skrymt og underjordiske, nøkk og troll. Djevelen sjølv. I urtid, oldtid og mørk middelalder kunne ondskap trenge seg inn, ta seg til rette, skade og øydeleggje frå alle hald. Takk og lov for det skyddande linet!**

Gjennom 30 000 års kulturhistorie har lin og lagnad vore tett vevd saman. Egyptiske faraoar balsamert for etterlivet. Jesus Kristus sitt blodige legeme frå krossen. Rallande nordmenn råka av Svartedauen. Alle vart dei svøpt i klede av lin for å skydde dei mot mørkemakter og fortapelse. I alle fasar av livet var linet livgjevande og skyddande luksus - og heilt i sær når tilvêret var på sitt aller mørkaste. Som midtvinters. I middelalderen.

I norske bygder og tømmerhus var gode råd mot frost, fukt og faenskap få i århundra mellom Svartedauen og opplysningstida. Eitt av dei var tjelding. Til høgtidene kledde gode kristne tømmerveggane innvendig med lett lintekstil for å halde onde ånder, fukt og kuldegrader ute. Maten hang ein gjerne opp i luftig lin for å halde innsekt og kryp ute.

Linets binding til magi og overtru gjekk like attende til såing av linfrø på vårparten. Den dag i dag gir linet best avling om ritualet blir utført under fullmånen av ei berrføtt ungjente med laust hår iført kvit kjole, som nynner på rim og vers med ei sølvskei i hand. Sølvets skydda endatil mot troll og andre farer. Viss gauken gjel og heggen attpåtil blomstrar kan linavlinga di knapt slå feil - om berre ikkje den fyrste linerla du ser om våren flyg lågt. Då blir nemleg linet like lågt.

## LIN | Lokal luksus

Haustnatta ligg mørk over Dalenes Dal. Enno er det eit par timar att til morgonstellet i fjoset, med mjølking av kyr og geit. Men framfor det flakkande ljuset frå peisen er gardsjentene allereie i gang med dagens fyrste dont: Spinning av lin.

Heilt sidan istida har ull og skinn kledd gudbrandsdølen mot vind, vêr og kulde. Men eitt tekstil gjekk ullplagg ein høg rang når det kom til høgtid og pynt. Linet. Lengje før bomull og polyester inntok Gudbrandsdalen, var linet eit ynda tekstil for staselege festplagg og interiør. Dugar og handkle i lin var slitesterke, hygieniske og vakre. Prydplagg og bunadskjorter i florlett lin høyrde høgtidene til.

På alle større gardar og mange mindre i Gudbrandsdalen, var det vanleg å dyrke lin for eige bruk heilt fram til importert bomull gjorde reint bord på slutten av 1800-talet. Dei kvite og blå linåkerlappane skilde seg ut mot alt det grønne og gule som elles farga kulturlandskapet. Sjølv på skrinn morenejord blomstra den hardføre kulturplanta. Medan ullplagg var for alle, var stoff av lin langt meir arbeidskrevjande å produsere og dermed eit dyrare luksustekstil.

I bearbeidinga av dei tørka linplantene til ferdige tekstilfiber, kunne heile grender samle seg for å kome i mål med det tidkrevjande arbeidet.

I dag finn vi at spor etter den rike kulturhistoria til linet både i form av bygningar og reiskap, daglegtale og stadnamn i heile Gudbrandsdalen.

## LIN | Til kvardag og fest

*“Der hørtes lurtoner nede ved broen. Fra gården ble det ropt opp at nu kom brudgommen med sitt følge. Konene leide Kristin Lavransdatter ut på bursvalen. I tunet bølget det av hester med stasseletøy og av helgekledde mennesker, det glitret og glimtet i solen. Kristin så utover, forbi alt det, ut mot dalen. Hjembygden lå lys og stille under en tynn, tåkeblå dis, opp av disen steg fjellene grå av ur og svarte av skog, og solen gjød sitt lys ned i dalens kumme fra en skyløs himmel. (...)”*

Fru Åshild stod ved brudens side:

«Hold deg nu vel, Kristin,» sa hun, «nu er det ikke lenge til du er berget under hustrulinet»

*Utdrag fra “Kransen” av Sigrid Undset*

Få verk skildrar romantikk meir høgtidsstemt og intenst enn romanen Kransen, der Kristin Lavransdatter blir via til si store kjærleik Erlend av Husaby. På garden Jørundgard i Vågå si nabobygd Sel - med ei stor medgift vakre linplagg. I dag er linet langt meir enn plagg og pryd – linet er historie og kulturarv, tradisjon og identitet som knyter generasjonar saman. Nytt høvet til å sjå, kjenne og erkjenne linet si rolle før, no og i framtida med desse vakre tekstila.

# LIN | Ord og uttrykk

I daglegtale, i terrenget og i ordboka har lin sett spor etter seg langt utanfor klesskåpet.

## LIN

Det latinske ordet «linum» finst i liknande former i europeiske språk som gresk, litauisk, russisk, norrønt - og norsk.

### Ord:

- Linje er avleidd av latinsk «linum» – «linea» tyder eigentleg ein 'tråd av lin'.
- Line (tynt tau, fiskereiskap) med norrøn form «lína» tydde opphaveleg og
- “noko av lin”
- Linjal tyder “rett line” - avleidd frå lin
- Linnet er lintøy eller nattklede - opphaveleg av langt og luftig lin
- Lerret

## STRY

**Tyding:** Stry er stutte fiber av lin som blir att etter bråking, skaking og hekling av linet. Stryet vart som linet spunne til tråd, men av lågare kvalitet.

### Uttrykk:

- Stryskjorte er kvardagsplagg av lågare kvalitet, ofte mistolka som striskjorte.
- Opp i stry tyder å ende opp i ingenting, eller i lågare kvalitet - “å bli lurt opp i stry”

## FÅ

**Tyding:** Å røyte. Forråtnelsesprosess som gjer at linfiberene løsner fra strået

### Stadsnamn:

Fåvang, Fåberg

## LIN

### Stadsnamn:

Linløkken, Linstad, Linåkertunet

## BLEKE

**Tyding:** Prosessen der ein med lut og sollys bleiker linstoffet slik at det blir kvitt

### Uttrykk:

Langt lerret at bleke - viser til at bleiking av lange linstoff produsert gjennom vinteren

### Stadsnavn:

Blekastad

## LIN | Grøn tråd

### **Kan planta med dei blå og kvite blomene vekse ut av raudelista og blomstre i det grønne klesskiftet?**

Heile fjell av ubrukne klede som gjekk av mota før dei rakk å bli kjøpt. Heile elver av kjemikalier nytta til å farge bomull og polyester. Heile byar fulle av forbrukarar på jakt etter siste nytt i klesskåpet. Global klesindustri utpeikt som ein av verdas verstingar innan klima, miljø og berekraft. Kor i all verda skal vi byrja det grønne klesskiftet? Kan hende med ei handfull linfrø sådd i ein åkerlapp nær deg?

Medan bomull krev enorme mengder vatn og sprøytemiddel, og polyester er laga av fossil olje, har naturmaterialet lin eineståande eigenskapar og minimalt miljøavtrykk:

#### **Planta lin:**

- Hardfør med låge krav til jordsmonn
- Krev minimalt med vatning
- Kan enkelt dyrkast økologisk utan kunstgjødsel og sprøytemiddel

#### **Tekstilet lin:**

- Svært miljøvenleg - sjølv restavfall frå produksjonen har høg bruksverdi
- Svært varig og slitesterkt - og 100 % nedbrytbart i naturen
- Lin tek ikkje så lett til seg flekkar og lukt
- Lin er antiseptisk og trekk ikkje til seg støv - godt nytt for allergikere
- Lin sug til seg vatn betre enn bomull og tørkar raskare - og er altså supert på kjøkenet
- Andre variantar av planta lin gir oss eit oljerike frø - som kan bli pressa til både olje, måling og isolasjonsmaterial, samt inngå i eit sunt kosthald.

## LINSPIRASJON

### *Så gjer vi så, når vi vaskar vårt lintøy.*

**Medan planta lin er hardfør, treng tekstilet litt omtanke.**

All behandling av lin går ut på å halde fibrane i linet så intakte som mogleg. Smør deg med tålmod - og vit at du tek vare på eit berekraftig plagg eller pryd til glede for generasjonar etter deg.

**Med godt stell blir lin vakrere gjennom bruk og tid:**

#### **Låg temperatur**

- Legg linet i kaldt vatn før mild vask

#### **Ligg unna bleikemiddel og sentrifugering**

- Nytt uparfymerte såpespon og lufttørking

#### **Ligg unna strykejernet - det blir berre krøll når linet er i bruk**

- Nytt ei kaldrulle eller stryk linet ut for hand på flatt underlag

#### **Skyll flekken vekk**

- Skyll med kokande vatn på fruktflekkar
- Skyll med kaldt vatn på fettflekkar - kaffe inkludert

Meir info finn du på [linspire.no](http://linspire.no) og hos [norges-linforening.no](http://norges-linforening.no)

# LIN | Frå frø til tråd

## 1. Frå såing til hesjing

**Kvit eller blå, bølgjande og bugnande av nytte: Lite er vakrare enn ein linåker i full blomst.**

Gjennom hundrevis av år krydra linet fargepaletten i Gudbrandsdalen - slik lineåkrene har gjort i heile landet og store delar av verda.

Linfrø vart sådd så snart telen slapp taket i solvendte åkerlappar - gjerne når heggen blomstra. I Gudbrandsdalen var linåkrene gjerne nokså små, sjølv om enkelte storgardar kunne sette av rett store areal til dyrking av fiberplanta som ga så vakre og nyttige tekstil.

Solsvidd tørkesommar eller regntung og kald vekstsesong - linet blomstra blått og vaks vilt nesten uansett.

**Tidspunktet for hausting av linet vart avgjort av på kva ein ynskja å nytte linet til:**

- grønmodning – heile strået er grønt og ingen blad falt av — gir flott fiber, men ikkje frø
- gulmodning – strået er blitt gult og har mista bladene — gir flott fiber, men lite frø
- brunmodning – strået er lysebrunt og frøa er fullmodne — gir mykje frø, men dårleg fiber

Linet vart hausta mest som ein grønsak: Heile planta vart dratt rett opp av jorda med heile rota intakt. Slik vart fibrane lengst mogleg, og røytinga (forråtninga) var jamn over heile den uskadde planta.

Etter rykking vart frøkaplane rispa av, og linplantene bunta saman til tørk.

# LIN | Frå frø til tråd

## 2. Frå råtne strå til ferdig fiber

**Linproduksjon er handarbeid, lagarbeid og fellesskap heile vegen frå hausting til ferdig plagg.**

Medan planta lin er så hardfør og lite krevjande at ho veks der knapt nokon kunne tru, er tilverkinga av tekstilet lin svært arbeidskrevjande. Heile grender kunne samle seg til felles innsats for å kome i mål med bearbeidinga før neste regnbyge:

**RYKKING.** Lin blir hausta ved at heile planta blir rykka opp med rota.

**TØRKING.** Etter rykking vart linplantene bunta saman og hengt til tørk eit par veker.

**REPING (RISPING).** Rispe av frøkaplane rett etter rykking og tørking. Dette gjer ein ved å dra linbuntane gjennom en rispekam, ein plankebit med djupe hakk i.

**RØYTING.** Prosessen der linplanta rotnar på kontrollert vis for å løsne fibrane frå trekjerna i planta. Bra røyting gir lange, fine fiber. Dårleg forarbeid gjer at alt går opp i stry. I tørre Nord-Gudbrandsdalen var det naudsynt å vatne linplanta for å starte røytinga - som skjedde ved at linet vart lagt ut over på bakken.

**TØRKING.** Etter røyting vart linet tørka att. Om ein hadde tørrstugu for tørking av korn, vart linet gjerne lagt der kvelden før ein skulle arbeide med det.

**BRÅKING.** Bråking tyder å brette kjerna i linstrået. Når kjerna brakk kan ein løyse fibrane. Vanlegvis nyttar ein reiskapen brek, men nord i Gudbrandsdalen vart klubbe ofte nytta.

**SKAKING.** Buntene med lin blir slått og rista for å bli kvitt mest mogleg av dei knekte trekjernene. Her vart skakestol med skarp kant gjerne nytta. I Gudbrandsdalen var det vanleg å nytte ei såkalla “mykje” i staden. Mykje ser ut som ein liten bråk, men har metallbeslag i “kjeften”.

**HEKLING.** Siste del av prosessen fram til ferdig linfiber er hekling. Ein nyttar gjerne fleire linhekler med ulik dimensjon til å splitte dei lange fibrane som framleis er limt saman. Stryet blir att i heklene. Når linfibrane ligg fint ved sidan av kvarandre er ein klar til å spinne lintråd.



## LIN | Frå frø til tråd

### 3. Frå spinning til langt lerret å bleike

**Tenk at noko som ser så stusseleg ut som røyta lin kan bli så vakre og varige tekstil.**

*«Blegingen er en så fin og sammensatt proces, at der kunde skrives et eget kapitel om vore almues begreber og erfaringer desangående» skrev sosiologen Eilert Sundt i 1869.*

Gjennom å bade linet i rikeleg med sollys, fjerna ein farga i fibrane slik at lintøyet vart kvitt. På store gårdar på Østlandet fortel Sundt om eigne «blegevolde», med eit lite hus til skydd for den som måtte våke over tøyen som hang til bleiking i sola.

Den krittkvite og vakkert formgitte bunadskjorta og linduken er med andre ord resultatet av ein stafett med mange og lange etappar:

**SPINNE.** Av di bearbeidinga av linet var så arbeidskrevjande, var det kun dei mest erfarne kvinnene ved rokken som fekk tilliten til å spinne tråd av linfibrane.

**VEVING.** Lin var det fremste luksustekstilet tilverka i Noreg, og vevinga ei høgt ansett oppgåve tiltrudd dei få - med eit resultat som kunne bli beundra av generasjonar.

**FARGING.** Plantefarging av lin var ein krevjande prosess av di linet i mindre grad enn andre fiber tek til seg farge.

**BLEIKING.** Uttrykket “Langt lerret å bleke” skriv seg frå den lange, nye vevnaden som var resultatet av tekstilproduksjon gjennom vinteren - og som vart hengt ut for bleiking i skarp vårsol. Bleikinga var eit ynda motiv for nasjonalromantiske kunstnarar på slutten av 1800-tallet og tyder på at blek har vore viktig langt attende i tid.

**SØM OG BRODERI.** Stødig hand, skarpe auger og høgt utvikla formsans var minstekravet til den som fekk sette nåla i lintøy. Eit ærefullt arbeid til glede for mange - og for deg som kan beundre handverk og kunsthandverk i lin her i dag.

## KAMPEN OM KLESSKÅPET | BOMULL vs LIN

**Kan linet utløyse haldningsendringa som trengs for det grønne klesskiftet?**

### **DYRKING:**

Bomull treng 20.000 liter vatn til ein kilo tekstilfiber - lin er bortimot sjølvforsynt

### **SLITESTYRKE:**

Lin er to til tre gonger så slitesterkt som bomull

### **SPRØYTEMIDDEL:**

Bomull blir dyrka på under 3 prosent av verdas dyrka mark, men står for oppunder 20 prosent av kjemiske sprøytemiddel. Lin blir dyrka økologisk.

### **PRODUSJON:**

25 prosent av verdas tekstilfiber er bomull, medan 1 prosent er lin.

Vil du sjølv bidra til det grønne klesskiftet? I ein sirkulær og berekraftig økonomi med mest mogleg stuttreist, fornybar og biologisk produksjon, toppar linet på dei fleste parametre. Her er nokre val å fundere over før din neste kleshandel:

Fast fashion eller langsamt handverk?

Låg pris eller lågt miljøavtrykk?

Bruk og kast eller gjenbruk?

Business as usual eller berekraft?

## LIN | Tekstil med ni liv

**ELDEN. HJULET. LINET.** Tre oppdagingar som har forma historia og vår eigen sivilisasjon.

Følg det florlette og hardføre linet si ferd frå steinalderholer i Kaukasus, via egyptiske faraoer og romerske keisere, til kolonistar i Den nye verda og fjellbonden i Gudbrandsdalen - til ei mogleg rolle i det grønne klesskiftet.

### STEINALDERMOTE

**Georgia 30.000 år før vår tid**



Den fruktbare halvmåne -  
Midtausen og Egypt

Dei eldste funna av linstoff er gjort i steinaldergrotter i dagens Georgia, ein fruktbar region mellom Svartehavet og Kaukasusfjella. Viltveksande lin vart her spunne, farga og knytt saman til tekstil - innpå 30.000 år før den fyrste bunadsskjorta i lin såg vart sydd her heime i steinrøysa.

### LUFTIG LUKSUS

**Midtausten frå 8000 år før vår tid**



Då dei aller fyrste byane i verda såg dagens ljøs, vart bordet bokstaveleg talt duka for lin. Jordbruket som byane vart tufta på, gjorde det mogleg å dyrke og hauste lin - som raskt vart ei lett og luftig luksusvare for overklassa - i form av stilige klede og interiør. Lin viste seg og ypperleg som skydd under lagring av matvarer.

## FARAO SIN FAVORITT

### Egypt frå 4000 år før vår tid

Den høgt utvikla kulturen i Egypt var gjennom mange tusen år den mest avanserte i verda. Det anvendelege linet var ein av luksusartiklane som faraoar, hoffet og rike handelsfamiliar skatta høgt og nytta til ei mengd formål.



Linet vart dyrka langs Nilen, der enorme områder vart blåfarga av blomstrande lin. Planta vart hausta og bearbeidd til tekstil av slavar. Linet kledde opp herskarklassa i både livet og i etterlivet, av di balsamerte mumiar vart surra inn i lange strimler av lin. Presteskapet gjekk kun kledd i lin, då linet vart sett på som eit symbol på reinheit. Så høgt verdsett var linet, at måleri av blomstrande blå linåkrar smykka tempelveggar.

I dag kan du sjå det eldste linet utstilt i verda på museum som Louvre og British Museum - surra kring dei balsamerte egyptiske mumiane frå Kongenes Dal.

## LIN I SEGLA

### Romerriket frå 200 år før vår tid

Sjøfarande handelsmenn brakte linet frå Midtausten til Romerriket - der linstoff mellom anna vart nytta til skipssegl og fiskegarn. I motsetnad til annan fibertråd er nemleg fiber sterkare i våt tilstand. Den romerske overklassa elska luksus, og lett og luftig lin vart ein sval favoritt for både generalar og deira ektefeller. «Linum» var namnet romarane brukte om planta, og det vart opphav til ord som linje, line og linjal.



Lin vart frakta langs dei store handelsvegane austover til Asia, og då Daudehavsrullane vart attfunne var fleire av dei pakka inn i lin.

## FRANSK HYGIENE

### Karl den Store år 800



«Europas far» blir Karl den Store gjerne kalt, av di han samla det meste av Vest-Europa for fyrste gong sidan Romeriket. På mange vis er han og linet sin far i Europa - av di Karl den Store innførte lover for å auke nytta av linstoff og linolje for å betre hygiene og helsa i Europa. Gjennom middelalderen vart Nederland, Belgia og områder nord i Frankrike senteret for den europeiske linindustrien - og er det framleis i dag.

## FJELLVIKINGVOTTEN

### Noreg kring år 1000



Vikingtida var langt meir enn langskip, berserkar og plyndring av fjerne kystar. Høgt over fjellbygda Lom, oppunder dei høgaste toppane og dei villaste vérgudane i Nord-Europa, kjempa ein hardfør fjellviking seg for tusen år sidan på handelsveg mellom vestlandsfjordar og villreinfjell. Her oppe nær 2000 meter over havet tapte vikingen den eine votten sin, og fann han aldri att. Eit verdifullt plagg av vevd ull, sydd saman med tråd av lin.

1000 år seinare smelta votten fram frå ei snøfonn, og var på mirakuløst vis funne av ein lokal fjellkar som visste betre enn å gå forbi den skitne stoffresten. I dag kan du sjå vikingvotten utstilt på Norsk fjellsenter i Lom - ein halvtime i bil frå Ullinsvin.

## MIDDELALDERMAGI

### Europa og Noreg



Sjølv om skinn og ull dominerte i klesvegen, var lett og luftig lin særst ettertrakta luksus for velståande europeere og nordmenn gjennom middelalderen. Frå 1200-talet veit vi at lin vart dyrka og i Noreg. Linet vart nytta i klede, dukar og forklede - og var sterkt knytt til både religion, magi og overtru.

I dag finn vi att mange munnhell og uttrykk knytt til lin frå denne perioda.

## LIN ON ME

### Linet i den nye verda | 1800-talet



I Nord-Amerika vart linet innført av kolonistane frå Europa, og fekk raskt ei viktig rolle som ei hardfør plante det var lett å dyrke i stort volum og foredle til tekstil. Så, med innføringa av bomull dyrka og hausta av afrikanske slavar, kollapsa lindykinga i USA mot slutten av 1800-talet - og overlevde hos Tsaren på den andre sida av kloda.

## TSARENS NYE KLEDE


### Russland | 1900-talet



I takt med at billig bomull overtok verdsmarknaden, forsvann blå linblomar frå åkre i Europa, Amerika og Asia. Omveltinga var så brå at ei rekkje land inkludert Noreg innførte forbod mot import av bomull på 1800-talet. Utover 1900-talet vart dyrkinga av lin konsentrert i nordlege Russland, som endte opp med 90% av verdas linproduksjon. I resten av verda er dyrking av linet i dag på raudelista, men har dei siste åra opplevd ei forsiktig renessanse - som ein mogleg grøn tråd i ein meir berekraftig klesproduksjon.

## FRÅ RAUDLISTA TIL GRØNT KLESSKIFTE

### Vår tid | 2000-talet



Ved tusenårsskiftet var lin eit utryddingstrua luksustekstil for spesielt interesserte. Vakre og særprega tekstil av lin er nytta i utsmykkinga av norske ambassader og FN-bygningen i New York, men i klesbutikker og klesskåp er urtekstilet fullstendig utkonkurrert av bomull og polyester. Fiberlin er like fullt nytta i mange andre produkt, innan bilindustrien, som bygningsmaterial, papir, isolasjon, geotekstil og tekstil som ikkje er vevd.

Pussig nok er det ei dobbel krise som kan komme til å løfte linet ut av raudelista og inn i ei ljosegrøn framtid: Klima- og naturkrisa gjer at klesindustrien vil bli møtt med heilt andre krav. Klesskåpet fyllt med ei heilt anna bevisstheit. Fem små år før verda skal ha halvert klimautsleppa og stansa tapet av natur, er linet på ny i ferd med å skrive seg inn i historia.

Skal vi lukkast med det grøne klesskiftet, må stuttrest, slitesterkt, anvendeleg og berekraftig lin må få ein mykje større plass i åkeren, spiskammerset, industrien og garderoba. Blir du med å skrive eit nytt kapittel i den blå blomen si fargerike livshistorie?

Så

Luke

Rykke

Tørke

Repe

Røyte

Tørke

Bråke

Skake

Hekle

Spinne

Veve

Farge

Bleie

Sy



## LIN | Frå frø til tråd.

# Linum usitatissimum | Det aller mest nyttige linet

*Carl von Linné gav kulturplanta lin sitt latinske navn*

Stuttrest. Slitesterk. Staseleg. Frå dei gamle egyptiske faraoene, via kongeleg luksus og magiske ritual til levande handarbeidstradisjonar i Gudbrandsdalen: Bruken av tekstilet lin går som ei grøn renning gjennom kulturhistoria.

Utstillinga LIN vev saman dei mange trådane spunne ut av vår eldste kulturplante til ei fiberrik dannelsesreise gjennom sommaren 2024.

I utstillingslokala Fjoset og Fjostrevet her på Ullinsvin, blir tradisjonsrik husflid og moderne kunsthandverk lyfta fram i ei inspirerende feiring av fiberplanta og tekstilet lin. Ute i tunet finn du åkerlappar med spinnelin og fargeplanter. Gjennom sommaren inviterer utstillinga LIN og til publikumsaktiviteter og foredrag, dyrking og slått, spinning og søm, omvising og sofasamtale.

I vår tid er det hardføre linet i ferd med å få si renessanse – kan planta med dei blå og kvite blomene bidra i det grønt klesskiftet? Vil du vite svaret, er ein god stad å starte her i utstilling LIN. Frå frø til tråd.

[gudbrandsdalsmusea.no](http://gudbrandsdalsmusea.no)



Gudbrandsdalsmusea

